

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Lindås 14. februar 2022

Innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2034

Eg er tilflyttar til Lindås, utdanna interiørarkitekt og møbeldesignar frå Kunsthøgskolen i Bergen og har arbeidd 14 år for Bymuseet i Bergen som utstillingsarkitekt og driv no eige firma i Alver Kommune. Eg vil gjerne koma med eit innspel til planen sett frå min bakgrunn.

Innspel til kommuneplanen hovudmål 3

Alver har eit rikt og inkluderende kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga.

Det er nemnd i planen konkrete ting som at ein skal samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt kulturhus og svømmehall, det er bra, men om ikkje viktig og verdifull kunnskap om kulturarven skal gå tapt bør ein og samarbeide med næringsliv og frivilligheita for å få på plass eit regionalt museum.

Korleis skal kultur, kulturmiljø og kulturarv kunne verte nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling når ein ikkje har ei skikkeleg oversikt over kva som fins?

Ein må finne ein måte å samle kunnskapen om lokal tradisjonskultur, den må samlast slik at den er søkbar og kan vidareutviklast. Kva har ein og kva manglar, er det noko ein bør forske på?

I dag verkar det som at dette meir eller mindre er dei frivillige i kommunen som tar seg av. Det er vanskeleg å forstå korleis ein kan greie å oppnå ei berekraftig forvaltning av kultur, kulturmiljø og kulturarv med ein slik struktur. Dei frivillige er og vil truleg alltid vere ein viktig ressurs i dette arbeidet, men ein kan ikkje basere hovudansvaret for å vareta kulturarven på berre frivilligheit. Det vil vere naudsynt med eit overordna organ for å samle kunnskapen. I andre regionar har dei eit museum som har ansvar for dette. Av ulike årsaker ser det ut til at ein ikkje har klart å samle seg om å få til dette i vår region.

Det er ikkje lett å sjå noko anna løysing enn at ein bør arbeide for å opprette eit regionmuseum med stillingar som konservator, arkivar, formidlar etc. også her om ein skal klare å nå dette målet.

Museet bør ha eit overordna ansvar for bygningar, fartøy, gjenstandar, foto, dokument, filmklipp, musikk, dialekt og talemål med meir. Alle bygg og gjenstandar skal ikkje samlast fysisk på ein stad, men enkelte gjenstandar, foto etc må av bevaringsmessige årsaker samlast i eit magasin, andre ting kan takast vare på der dei er. Kunnskap om

tradisjonshandverk i regionen vil og vere viktig å dokumentere og ta vare på. Slik eg kan sjå det manglar det ein heilhetleg plan.

Det er flott at kulturverntenesta i Nordhordland gir råd og rettleiing om å ta vare på kulturminna kring oss, men denne tenesta dekkjer ikkje alt. Det manglar framleis ei oversikt over gjenstandane og kulturhistoria her. Bygningane og gjenstandane er lite tilgjengeleg og ein manglar ein stad å samle og formidle tradisjonskulturen. Ein må og ha ein plan for kva ein skal samla og for å syne dette fram. Vi treng eit profesjonelt drive museum og magasin.

Venleg helsing

Anne Mette Prestegård

Interiørarkitekt og utstillingsdesignar

am@prestegaard-design.no

+ 47 41607333

www.prestegaard-design.no